

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV DESEMBER 2002.

ÅRGANG 38

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: John Stennes

Visepres.: Elisabeth Sundgot

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Johs. J. Hareide

Styremedlem: Ingar Bigset

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Hans Gisle Holstad

Ansv. Red.: Arne Lillebø

Referent i des. Jan-Håvard Nytun

Fødselsdager i januar:

Svein Egil Kleppe 05.01

Hans Gisle Holstad 07.01

100%frammøte i desember:

Ingar Bigset, Sigurd Bigset, Sverre  
Bjåstad, Johs. Flø, Sigbjørn Haddal,  
Magnar Hatlyø, Odd Arve Holstad,  
Walter Jensen, Svein Egil Kleppe, Jan  
Håvard Nytun, Aage Nytun, John  
Stennes, Håkon Brekke, Arne Holstad,  
Jarle Klungsøyr, Hans Otto Riise, Elias  
Sellevoid, Egil Utgård

## *Deilig er jorden*

**Tekst: BS. Ingemann**

Deilig er jorden,  
prektig er Guds himmel,  
Skjønn er sjelenes pilgrimsgang!  
Gjennom de fagre  
riker på jorden  
Går vi til paradiset med sang.

Tider skal komme,  
tider skal henrulle,  
slekt skal følge slekters gang,  
aldri forstummer  
tonen fra himlen  
i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den  
først for markens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød:  
Fred over jorden,  
menneske, fryd deg!  
Oss er en evig frelser født!

## **Møte 2. desember 02.**

Presidenten opna møtet og ønska alle velkomne, ingen av for-songarane var til stades så Gunn Berit Gjerde valte ut song og stemte i med “de nære ting.”

Programmet skulle eigentleg vere med Ragnhild Bjåstad om Japan, men ho kunne ikkje møte. Komitéarbeid blei derfor dagens tema.

Presidenten oppfordra komiteane til å vurdere situasjonen mot årsplan. Han ynskte att vi starta opptak av nye medlemmer. Målet må vere minst fem, med opptak seinast i mai og gjerne før.

Forslag skal leverast skriftlig til sekretær, som leverer dei til medlems- og klassifikasjonskomiteen til vurdering, vidare går forslaget til styre for godkjenning, før det presenterast for klubben.

Ingar meinte vi burde framskande opptak før mai. Då det er lettare å f folk i mørketida. Sigurd uttrykte at det går forlang tid mellom opptaka når vi sist får berre eit medlem per opptak.

Presidenten : Vi køyrer prosessen så fort som muleg.

Egil la fram døme på fleire større bedrifter som ikkje er medlem i dag: Odim, Spencom, Ekornes , Fransefoss , Rolls Roys Hareid, Fiskindustri, med fleire.

Så gjekk medlemmane i komitémøte. Programkometen diskuterte ivrig under leiding av Svein Egil . Utfallet får vi sjå utover nyåret. Medlem/klassifikasjons komiteen kom på banen like før slutt med formann Håvard, dei legg fram ei liste over aktuelle nye medlemmer på neste møte. Eg slappa av og prata m Ame H. Så var møtet slutt.

## **Måndag 9. Desember 02**

Presidenten opna møtet og ønska spesielt velkomen til Azusa og Ragnhild Bjåstad som skulle ha programmet “opplevingar i Japan”.

Opnings-songen var “At far min kunne gjera” under leiing av Arne Grimstad. Presidenten refererte eit brev frå frivilligheits sentralen med, spørsmål om nokon i Rotary kan ta imot russiske born sommaren 2003.

Det var også kome forespørsel om Rotary kan hjelpe til med å finansiere ei sklie i symjehallen. John meinte at det eventuelt måtte bli å administrere ei kronerulling, og det blei anbefalt att styret vurderer om dei vil ta på seg ein slik jobb.

Sigurd orienterte om medlemskaps- g klassifikasjonskomiteane som frå i år av er slått saman til ein komité, og om regelverket og prosedyre for opptak av nye medlemmer.

Programmet var ved, Ragnhild Bjåstad. Ho viste oss litt video frå te selskap, måte og reglar for korleis å te seg i slike selskap. Så viste ho ein film frå den andre familien ho budde med i Japan der dei laga sushi.

Så svara ho med hjelp frå Azusa på spørsmål frå medlemmane.

## **Måndag 16. desember**

Presidenten ønska velkomne spesielt til gjestane Ingar Holstad, Mikael Møkster og til Eldar og Margrete Husøy som er den nye verts familia til Azusa dei neste tre månadane.

Vi song "Deilig er jorden" før Mikael Møgster heldt andakt. Han snakka om advents tida og kyrkjeåret som følgjer ein annan kalender. Dette året startar med advent. Advent tyder: den som kjem. Så snakka han om Juleevangeliet, Lukas kap.2. Etter andakta song vi andre vers av "Deilig er jorden".

Så var det mat. Lutefisk av Torsk og Lange med lettøl og flatbrød. Nokre valte mår i år også. Det smakte fortreffelig. Mange takk til dei to flinke damene på kjøkenet.

Dette var siste møtet før jul og nyttår.

Så takka presidenten for god mat og ønska alle ei riktig god jul og godt nyttår.